

# Årsmelding for Gaular Sokneråd 2025

Tekst knytt til kyrkjeleg arbeid i soknet; soknerådsleiar Bjarne Horsevik.

Tekst knytt til ressursbruk; økonomileiar Trond Herløvsund.

## Oppgåver til kyrkjesektoren

Mykje av oppgåvene er knytt opp til dei kyrkjelege handlingane (gudsteneste, dåp, konfirmasjon, vigse og gravferd) diakoni og trusopplæring. Det administrative arbeidet, som er ei følge av dette, vert utført av kyrkjeverje, kyrkjesekretær, sokneprest, diakon, organist og medarbeidar trusopplæring i saman med soknerådet.

## Medlemmer i Gaular Sokneråd i 2024:

Bjarne Horsevik, leiar

Idar Senneseth, nestleiar

Laila Oppedal, soknerådsrepresentant i fellesrådet

Sigurd Martin Årskaug

Bente Oddny Kandal

Marit Eldal

Olaug Hanne Espeland

Sandra Hjørnevåg

Frode Skeide, sokneprest

I soknerådet er det 9 faste medlemmer, av dei er det 5 kvinner og 4 menn. Det har vore halde 4 møter og behandla 35 saker i soknerådet i 2025. Det har vore 2 fellesmøte med dei andre sokna i Sunnfjord kommune. Dei tre kyrkje- og diakoniutvala i Gaular krins, har til saman hatt 3 møter (1 i kvar krins).

## Oppsummering av arbeidet til soknerådet

2025 har vore eit normalår, vi har hatt gudstenester, bryllaup, barsedåp, konfirmasjonar og gravferder.

## Saker som vi har behandla i soknerådet

Det som vi har hatt føre i 2025 er: Kyrkjebladet, oppussing av Sande kyrkjekontor, 40 års jubileet for huset, basaren, avslutninga til soknediakon Ragnhild Stav, behandling av årsmeldinga og rekneskapan for Gaular Sokn, fasteaksjonen, der får vi konfirmantane til å gå med bøsse. Vi har og hatt føre oss konfirmasjonane, julekonsertane, kyrkjelydsbasaren, offerlista, kyrkjelydens årsmøte, påskefrukost på Sande, Bibelutdeling, leige av huset til gudstenester,

medarbeidarfest og husleiga for Gaular kyrkjekontor. Vi hadde møte 6. mai om samarbeid med Holsen og Haukedalen sokn. Vi søkte Lotteri- og Stiftelsestilsynet for å bruke arven etter Gudny og Albert Skudal til orgelet og den fekk vi innvilga. Vi har og planlagt innviinga av orgelet 1. februar 2026. Orgelet blei teke i bruk 7. desember 2025. Vi har laga leigeavtale med Sande Blandakor som stiller med forsongarar i alle kyrkjene våre i bytte mot øvingslokale i kyrkjelydshuset, samt inngått langsiktige leigeavtaler med den nyoppstarta ungdomsklubben på Sande og bingoen. Soknerådet har også hatt ein del referatsaker frå Fellesrådet. Kyrkjebladet er oppe på kvart møte i soknerådet. Vi har og hatt føre lydanlegg på Sande omsorgssenter. Elles er det mange andre ting vi har føre. Vi har eit godt samarbeid i soknerådet.

### **Gudstenester m.m. i Gaular Sokn**

Det har vore halde 77 gudstenester, 31 gravferder, 25 dåp, 23 konfirmantar, 1 vigsle og det har vore totalt 5048 fram møtte i kyrkjene. (I fjor var det 8064, då var det med gravferder, men det er det ikkje i år.) Det blir og halde andakt på Sande omsorgssenter. Innsamla midlar er på kr. 221.162, av dette går kr. 39.498 til eige kyrkjelydsarbeid. Vi vil særskilt nemne hausttakkefest/myldrekyrkje i Bygstad der ein hadde godt samarbeid med bygda.

Vi vil også nemne grunnlovsdagen: komiteane i Bygstad og Sande innførte ei endring der folketoget ikkje lenger går til kyrkjene. Tidspunkt for gudsteneste på Sande vart endra til tidleg på dagen, noko som ikkje fungerte godt. Desse endringane vil venteleg føre til færre deltakarar på gudstenester på grunnlovsdagen, særskilt blant dei yngste aldersgruppene.

### **Kyrkjebladet**

Som vi har undersøkt er Kyrkjebladet kjekt å få. Redaktøren gjer ein god jobb med å få tak i stoff. Soknerådet kjem og med innspel til saker å skrive om. Redaktør var Ragnhild Stav fram til juni og etterpå tok Frode over ut året. (Ny redaktør er Laila Oppedal, ho tok over i februar i 2026.) I 2025 kosta det kr. 74.834 å trykke bladet og inntektene er kr 46.810. Så i 2025 hadde bladet eit underskot på kr. 28.024. I og med at bladet blir køyrt ut på dugnad, sparer vi mykje porto. Hadde det ikkje vore for det, hadde underskotet vore mykje større. Så ei stor takk til dugnadsgjengen. Det er kjekt at skulane i Gaular stiller opp med fine teikningar. No har vi auka bladpengane til kr. 300 og kr. 350 for dei utanfor kommunen. Dette p.g.a. økonomien.

## **Kyrkje- og diakoniutval**

Det har vore halde 3 møter, 1 i kvar krins. Diakonen har halde andakt på Sande omsorgssenter og besøkt pårørande i lag med presten, etter at dei har mista sine kjære. Ho har og vore med i konfirmantopplæring, konfirmasjonar, konfirmanthelg, trusopplæring, tårnagentane, babysong, sørgesamtalar og ho har halde gravferder. Ho vikarierer og som kantor. Ragnhild arbeider og med fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp, der ho får konfirmantane til å gå med bøsser. Fasteaksjonen er viktig og samla inn kr. 71.892 (kontant kr. 24.075). Ho deltek på Tysdagskafe i Bygstad og på Sande og Føremiddagstreff på Viksdalen. Ragnhild slutta hjå oss 1. juni, då ho fekk prestjobb i Askvoll kommune. Vi har hatt god hjelp av trusopplærar og kyrkjetenar Synnøve Berget, til vi fekk diakonvikar Reidun Kårstad. Diakoniutvalet har føre seg bl.a. fasteaksjon, gudstenesteplan, kyrkjelydsbasaren og mykje anna som går føre seg i kyrkjeleg samanheng. Alle på Kyrkjekontoret gjer ein god jobb og samarbeider godt.

## **Sande kyrkjelydshus**

I 2025 har det vore bra med aktivitetar i huset, med utleige både til gudstenester, konfirmasjonar, minnestunder, babysong, ungdomsklubben m.m. Kyrkjekontoret er og leigetakar i huset. Elles har vi folk på dugnad, som ser etter huset og gjer småreparasjonar der det trengs. På basaren, som vi hadde i haust, fekk vi inn kr. 26.853. Leigeinntektene for kyrkjelydshuset er kr. 226.280 og utgiftene er på kr. 129.957. Då får vi eit overskot på kr. 96.323 og disposisjonsfondet er på kr. 506.650. For tida er leilegheita ikkje utleigd, den er brukt som lagerplass under oppussinga av kyrkjekontoret. Det må gjerast litt med den, før den kan leigast ut att.

## **Nettsida**

Den har vorte bra med mykje nyttig informasjon. Vi har også tatt i bruk digital påmelding til dåp og vigsle. Gudstenester og andre aktivitetar blir lagt inn i kalenderen, slik at det blir lettare å finne dato og klokkeslett. Det som står der er også publisert på skjerikirken.no. Nettside er: [www.kyrkja.no/gaular](http://www.kyrkja.no/gaular)